



Søknad om støtte til temaveke om psykisk helse, livsmeistring og trafikksikkerheit.

Statistikk frå Ungdata viser at ungdom i dag slit meir enn tidlegare med å meistre livets utfordringar. I tillegg er det bekymringsfullt at mange elevar på vår skule framleis deltek i risikofylt åtferd, som å sitte på med ruspåverka sjåførar (ungdata). Etter førre temaveke såg vi likevel ein positiv nedgang i slike hendingar, noko som understrekar viktigheita av å jobbe kontinuerleg med desse tema. I linken nedanfor kan du lese litt om vårt førre prosjekt:

- [«Sex, drugs and rock'n'roll» blei skulens svar på elevanes rop om betre seksual- og rusundervisning – NRK Vestfold og Telemark – Lokale nyheter, TV og radio](#)

Vi tek nå kontakt med dykk med førespurnad om støtte til temaveka ved Vest-Telemark vidaregåande skule. Dette er ei veke som vil fokusere på viktige tema som psykisk helse, livsmeistring og trafikksikkerheit. Tidspunkt er veke 40.

Programmet for temaveka er delt inn i tre hovudkategoriar:

1. **Trafikksikkerheit** – I løpet av føredraga og øvingane som Statens vegvesen og naudetatane gjennomfører, vil elevane få ein grundig forståing av korleis dei skal handtere ulike trafikksituasjonar, inkludert korleis dei skal reagere dersom dei kjem fyrst til ulykkesstaden. Dei vil lære kva tiltak som bør iverksettast raskt for å sikre at hjelpa kjem til dei som treng det, og korleis deira eigne val kan påverke utfallet av situasjonen. Eit sentralt tema vil også vere å reflektere over konsekvensane av val dei tar i kvardagen, som til dømes å sitje på med ein ruspåverka sjåfør. Elevane vil lære at slike val kan føre til alvorlege konsekvensar, både for deira eiga sikkerheit og for andre, og viktigheita av å ta ansvar i slike situasjonar. Gjennom desse aktivitetane vil dei få ei djupare forståing av korleis dei kan ta riktige val for å fremje trafikksikkerheit og redusere risikoen for ulykker, samstundes som dei lærer korleis dei kan handtere kritiske situasjonar på ein trygg og ansvarleg måte
2. **Livsmeistring** – Geir Aker, betre kjend som Fenriken frå Kompani Lauritzen, vil halde eit inspirerande føredrag om å ta tak i sitt eige liv, meistre kvardagen, skulesituasjonen og bygge robustheit som ungdom. Geir Aker har halde fleire suksessfulle føredrag der han deler sine eigne erfaringar med å overvinne motgang og finne styrke i utfordrande tider. Føredraga hans gjer ungdom verktøy til å handtere stress, press og sjølvkritikk, samstundes som han vil gje dei råd for å auke sjølvtrillit og kunne ta betre ansvar for sitt eige liv og framtid. Geir Aker vil også halde eit føredrag for foreldra, med fokus på deira viktige rolle i ungdommane sitt liv, og korleis dei kan støtte sine barn på ein konstruktiv og open måte.
3. **Psykisk helse** – Else Kåss Furuseth, som har starta partiet "Ensomhetspartiet", er ein potensiell føredragshaldar som kan bidra med innsikt om einsamheit og mørke tankar, spesielt blant unge menneske. Else har vore ein tydeleg røyst i offentlegheita for å belyse alvorlege konsekvensar av einsemd, og ho har starta "Ensomhetspartiet" for å setje dette på den politiske agendaen. Hennar initiativ har fått stor merksemd, då ho peikar på at einsemd er ein av dei mest utbreidde, men minst anerkjente helseutfordringane i dagens samfunn, spesielt blant unge vaksne. Med sitt engasjement håpar Else å bidra til å bryte tabu og

skape eit samfunn der einsemd blir tatt på alvor, og der ungdom lærer å forstå og handtere dette temaet på ein sunn og konstruktiv måte.

4. **Konsert med Rune Sanden m/band** – Rune Sanden med band har lang fartstid som musikarar. Fleire av tekstane har innhald som omhandlar nettopp det å takle livet. Eksempelvis låtane: « *Når levde du ditt lev best* », « *det krevst ikkje mot for å vera idiot* », « *kan ikkje la deg gå* » og « *Ta mi hand* ». Dette ville blitt ein flott avslutning på ei fin veke.

Framtidige kollegaer i Vest-Telemark

Majoriteten av våre elevar vil i løpet av kort tid vere på veg inn i arbeidslivet, enten gjennom praksisplassar, lærlingordningar eller som nyutdanna. Mange av dei vil bli framtidige kollegaer i dei ulike kommunane i Vest-Telemark, og det er derfor av stor betydning at vi som skule og de som lokalsamfunn samarbeider for å gje ungdommen dei beste føresetnadene for å lukkast. Gjennom denne temaveka ønskjer vi å bidra til at våre elevar blir meir robuste, ansvarsfulle og trygge i møte med både arbeidslivets krav og utfordringar i kvardagen. Ved å støtte dette prosjektet investerer de ikkje berre i ungdommens velvære og utvikling, men også i framtidige samarbeidspartnarar og kollegaer i de ulike kommunane.

Vi søker no støtte til å gjennomføre denne viktige temaveka, som vil engasjere ungdom frå alle kommunane i Vest-Telemark. Kostnadene for prosjektet er som følgjer:

- **Foreldreforedraget med Geir Aker:** 40.000 kr (dekkast av Tokke kommune)
- **Geir Aker sitt foredrag for elevar (bekrefta) og Else Kåss Furuseth sitt besøk (eventuelt Psykolog med Sovepose):** Totalt 90.000 kr
- **Rune Sanden med band som avslutning prosjektet:** Totalt 20.000 kr
- **Felles måltid for elevane:** 20.000 kr

Totalpakke: 130.000 kr

Som følge av fylkeskommunens innstrammingar, er det Vest-Telemark vidaregåande skule som må ta største delen av kostnadene i eit slikt prosjekt. Difor er vi ute etter samarbeidspartnarar og støttespelarar frå heile regionen som kan bidra til at dette prosjektet blir ein suksess. Dette er ikkje berre ei moglegheit for å støtte ei viktig sak, men også ein sjanse for kommunar i Vest-Telemark å vise sitt engasjement for ungdommen i regionen. Ved å støtte temaveka, viser kommunane at dei bryr seg om ungdommens helse, tryggleik og framtid. Det er gjennom samarbeid på tvers av kommunegrensene at vi kan skape ein sterkare region, der ungdommen får dei nødvendige verktøya for å møte livets utfordringar.

Vi kan garantere god mediedekning og oppslag for våre støttespelarar, både gjennom reklame i programheftet, bannarar på skulen, og omtale i ulike medium. Dykkar bidrag vil gjere ein stor forskjell, og vi mottar alle bidrag med stor takknemlegheit

Beste helsing,
Knut Magne Momrak Husstøyl
Lektor/ Karriererettleiar
Vest-Telemark vidaregåande skule